

Der ingen skulle tru at nokon kunne bu frå Vågen på Skorpo.

01.02.2018



Her vert Ole Kristoffer Vågen intervjuet av programleiar Arve Uglum og filma i hamna framfor slippen og båthallen.

Uskedalen.no har ei tid vore kjend med at NRK Sogn og Fjordane sin redaksjon bak den populære programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu har førebudd opptak i Vågen på Skorpo. I denne veka vart det fyrste opptaket gjort hos Anja Struter og Ole Kristoffer Vågen. Det skal gjerast to opptak til før ein redigerer og set all filminga saman til eit program. Programmet vert truleg synt til hausten.

Anja Struter fortel til Uskedalen.no at NRK kom til Skorpo måndag kveld og har budd der og vore med familien på alt gardsarbeid og andre aktivitetar over to dagar. På denne tida fekk ein vera med på mjølking, skuleskyssen, mjølkelevering, førefallande gardsarbeid og fritidsaktivitetar for borna.



[Ole Kristoffer sitt arbeid med slipping og restaurering av farty vert sjølvsagt vektlagt i programmet. \(Arkivfoto \)](#)

Det var spennande og ei spesiell oppleving å ha ein kamera tett på inne i huset på kjøkenet, i løa og ute på tunet. Det vert sjølvsagt lagt vekt på Ole Kristoffer sitt arbeid med slipping av farty og restaurering. På den fyrste filminga vart det funne plass til dei aktive gutane på tunet og fritidsaktivitetane deira. NRK teamet var med dei til Sunde og Seimsfoss på karate- og judotrening.

Redaksjonen bak programmet har i forkant hatt eit førebuande møte med familien Vågen på Skorpo der det vart fotografert og laga ein plan. Programleiar og kameramann kjem attende til Vågen til våren når alt blømer. Den siste filminga vert til hausten.

Programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu har eit høgt sjåartal. Programmet frå Skorpo i Uskedalen vil såleis ha stor profileringsverdi for Kvinnherad og bygda Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anja Struter/Kristian Bringedal



Nokre har nok undra seg på NRK bilen, parkert i båthamna i Uskedalen. No veit alle at det er filming til den kjende programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu.